



Norsk Fysioterapiforbund

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/77 - 15/872

Saksbehandlar:

Kjetil Morken

kjetil.morken@radoy.kommune.no

Dato:

22.01.2015

## Om politisk streik 28.01.15

Arbeidstakarorganisasjonane har varsla arbeidsgjevar om at dei har oppmoda sine medlemmer til å delta i politisk streik den 28. januar fra kl. 14.00 til kl. 16.00. Streiken er retta mot regjering sitt forslag til endringar i arbeidsmiljølova.

Frå KS er det sagt følgjande:

«KS er av den oppfatning av at dette er en lovlig politisk demonstrasjonsstreik, da streiken ikke har til formål å ramme eller presse arbeidsgiver. Politiske demonstrasjonsstreiker er ikke regulert i lov- eller avtaleverket. Rettsgrunnlaget for slike streiker/aksjoner følger av rettspraksis fra Arbeidsretten.»

«Varslene fra tillitsvalgte inneholder en oppfordring til streik. Arbeidsgiver må, for å kunne avhjelpe streiken, sørge for å få en oversikt over hvilke arbeidstakere som vil streike og sette en rimelig frist for når arbeidstakerne skal melde fra til arbeidsgiver dersom de skal delta i streiken. Arbeidstaker må samtidig gjøres oppmerksom på at de som deltar i streiken **vil bli trukket i lønn.**

I og med at streiken ikke har til formål å ramme arbeidsgiver kan arbeidsgiver avhjelpe situasjonen ved eventuelt å sette inn andre arbeidstakere, dersom det er nødvendig for å holde driften i gang og for at tredjemann ikke skal bli rammet. Arbeidsgiver står fritt til å omorganisere arbeidet i slike situasjoner..

Arbeidstakere som deltar i streiken vil ikke ha krav på lønn for de timene streiken varer.»

**For oss betyr dette:**

**VARSEL seinast dagen før om at du deltek i politisk streik.**

Dette betyr for oss at ALLE organiserte arbeidstakarar som vil /skal delta i streiken, må melde sin leiar om at dei forlet arbeidsplassen kl 14:00 28/1 for å delta i den politiske streiken.

**Leiar si vurdering av konsekvensar av streikeuttaket.**

Leiar må på bakgrunn av omfanget vurdere om tiltak må setjast inn for i vareta liv og helse, og ev om tenestetilbod må endrast ev stengast som følgje av streikeuttaket. Dersom det er tilfelle må leiar freiste å setje inn andre arbeidstakarar i tenesta. Dersom dette ikkje er mogleg må ein saman med tillitsvalde sjå på kva nøkkelpersonale som må haldast i arbeid trass i varsla streik og melde i frå til desse om at dei må stille på arbeid i streikeperioden grunna liv og helse eller at urimlege konsekvensar for tenestemottakar oppstår som følgje av streikeuttaket.

Ved tvilstilfeller og vanskelege vurderingar kan du kontakte kommunalsjef eller rådmannen.

Tillitsvalde bør være tilgjengeleg for samtalar om ev tiltak som skal setjast i verk etter vurdering av liv og helsesituasjon i avdelingane på føremiddagen 28.01.2014.

#### **Trekk i løn.**

Avdelinga må melde til løn ei liste over kven som deltar i streiken og kor mange timar dei skal trekkjast. Dvs kor mange timar skulle dei ha arbeidd frå kl 14:00. 28.01.2015 fram til 16:00 28.01.2015

Med helsing

Kjetil Morken  
personalsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Norsk Fysioterapiforbund  
Fagforbundet i Radøy

Radøyvegen 1690 5936

MANGER